

Helse Vest HRF
Administrerende direktør
Herlof Nilssen

Dykkar ref: 2005/31-2150/2011

Utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus

Tilsvar frå Nordfjord sjukehus

I brev datert 20.05.2011 har Helse Vest bedt om innspel til mandat og organisering av utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus.

Viser til :

- Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) si pressemelding frå 01.04.2011 vedrørende vedtak i sak 123/2010 – b.
- Protokoll frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF datert 28.04.2011.
- Protokoll frå føretaksmøte i Helse Førde HF 04.05.2011.

Det har framkome mange ulike tolkingar av vedtaket, som kan framstå som innbyrdes motstridande. Dette gjer arbeidet vanskelegare.

Endringar ved Nordfjord sjukehus har alvorlege og vidtrekkande konsekvensar både for befolkninga i Nordfjord og fagmiljøet ved sjukehuset. Tidsfristen for tilsvar er ekstremt kort. Det vart difor kalla inn til allmannamøte ved Nordfjord sjukehus 24.05.2011, der underteikna på vegne av tilsette og leiarar fekk mynde til å utforme følgjande:

Mandat og organisering

Mandat

- Nordfjord sjukehus skal sikre innbyggjarane i Nordfjord nærleik til akutfunksjonar og eit likeverdig helsetilbod som befolkninga elles i landet.
- Nordfjord sjukehus skal vere eit nasjonalt utviklingsprosjekt med omsyn på å utvikle eit berekraftig lokalsjukehus.
- Kunnskap og erfaring frå utviklingsprosjektet skal dokumenterast gjennom forskning og nyttast på nasjonalt nivå.
- Utviklingsprosjektet Nordfjord sjukehus inneber at somatikken får tilført 25 mill årleg i 3 år.
- Framtidsretta og varige arbeidsplassar. Ingen arbeidsplassar skal gå tapt, og ingen tilsette skal seiast opp.

Organisering

Vi føreset at det vert nedsett ei styringsgruppe med lokal forankring i Nordfjord.

Styringsgruppa si samansetjing:

- Frå Nordfjord sjukehus: Tverrfagleg representasjon + verneteneste og tillitsvalde: 6 representantar
- Frå Nordfjord psykiatrisenter: 1 representant
- Frå Brukarutvalet i Helse Førde: 1 lokalt forankra representant for Nordfjord
- Frå kommunane i Nordfjord: 1 representant
- Frå UiB: 1 representant
- Frå Helse Vest: 1 representant utan tilknytning til Helse Førde
- Prosjektleiari

Mandat for styringsgruppa:

- Fagleg- og administrativt ansvar for prosjektet.
- Tilsyn med at prosjektet vert drive innanfor prosjektramma og gjeldande føringar .
- Mynde til å kome med innspel på å endre faglege og økonomiske rammevilkår i prosjektet med tilbakemelding til Helse Vest.
- Ideskapande og rådgjevande diskusjonsforum for prosjektgjennomføringa.
- Formidle kunnskap om prosjektet til nasjonale aktørar.

Mandat for prosjektleiari

- Koordinering-/informasjonsansvar for involverte i prosjektet
- Leiarifunksjon for styringsgruppa/møteinnkallar
- Ansvar for rapportering om status/framdrift til styringsgruppa
- Delta i styringsgruppa med forslagsrett

Tidsramme for utviklingsprosjekt for Nordfjord sjukehus:

Planlegging:

Hausten 2011/Vår 2012

Prosjektperiode: 2012 - 2015

Nordfjord sjukehus , 31.05.2011

På vegne av tilsette og leiariar ved Nordfjord sjukehus :

Mariann Skjerdal, representant for tillitsvalde
Laila Haugland, einingsleiari Medisinsk seksjon
Linda Grotle Hauge, seksjonsleiari Føde-/Gyn seksjon
Siv Nord Olsen, sjukepleiari 1 Anestesiavdelinga/AAM
Hilde Henriksen, representant for vernetenesta
Geir Are Nedrelid, einingsleiari Fysioterapiavdelinga
Oddrun Rye, seksjonsleiari Ortopedisk seksjon
Henrik Berg, overlege Medisinsk seksjon
Torill Kjøllesdal Kriken, seksjonsleiari Service